



Utvalg: Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 11.03.2014
Tidspunkt: 14:00 – 16:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jens Harald Abotnes	Leiar	KRF
Hans Solberg	Nestleiar	SP
Elin Dyrseth Liøen	Medlem	AP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Lena Tveit	Medlem	BY

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Stine Karoline Olsen	Forvaltningsrevisor Deloitte – heile møtet
Marit Aksnes Aase	Ordførar, i PS 1, 2, 3 og 4
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkekommune – heile møtet

Jens Harald Abotnes
Utvalsleiar

Kari Nygard
Utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/14	Orienteringssak om oppfølging av rapport om barnevernstenesta, teieplikt og lovlegkontroll		2014/330
PS 4/14	Årsmelding 2013 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2013 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.		2014/207
PS 5/14	Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016		2014/228
PS 6/14	Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016		2014/229
PS 7/14	Meldingar		
RS 1/14	Budsjett 2014 og rekneskap 2013 KUV		2014/230
RS 2/14	Vedtak KST revisjonsavtale og vurdering av opsjon		2014/238
RS 3/14	Vedtak KST om standard atterhald om kommunal kontroll		2014/229
RS 4/14	Vedtak rapport selskapskontroll Business Region Bergen		2014/227
RS 5/14	Fagkonferanse FKT i Haugesund juni 2014		2014/224
PS 8/14	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 9/14	Eventuelt		

PS 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte om nytt sakshandsamarsystem som er teke i bruk. Oppsett av innkalling og sakliste vart gjennomgått. Kontrollutvalet merka seg endringane

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 2/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Møteprotokoll vert nå ikkje lenger sendt ut saman med innkallinga. For å sjå på protokollar før godkjenning, må ein gå inn på elektronisk utsendt protokoll frå det aktuelle møtet. Dokumentet vil bli elektronisk godkjent, og treng difor ikkje underskrift. Kontrollutvalet merka seg denne endringa.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 05.12.13 vart samrøystes godkjent.

PS 3/14 Orienteringssak om oppfølging av rapport om barnevernstenesta, teieplikt og lovlegkontroll

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Ordførar informerte om oppfølgingsarbeid etter rapport om barnevernstenesta, og om korleis det nå er planlagt at tenesta vert organisert. Ein vil og sjå på korleis kommunen handsamar slike, og liknande saker, i høve til Offentleglova.

Advokat Hove som har fått i oppdrag å gjennomgå sak vedk. teieplikt, skal leggja fram vurdering, slik at kommunestyret kan få denne til sitt møte 05. mai. Sak om vidare organisering av barnevernstenesta vil og koma opp i dette møte.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og kom med kommentarar. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 4/14 Årsmelding 2013 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2013 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret vurderer å auka rammene for kjøp av tenester for gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Ordførar var med under drøfting av saka og orienterte om at det er ein vanskeleg og sårbar situasjon med langvarig sjukemelding innan skatteoppkrevjarfunksjonen. Dette har resultert i at det er inngått avtale med Kvam herad om å forlenga kjøp av denne tenesta i 6 nye mnd. frå 01.03.14.

Kontrollutvalet er uroa over at det vert føreteke svært lite arbeidsgjevarkontrollar, og vil oppmoda om at rammene for kjøp av slike tenester vert auka. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret vurderer å auka rammene for kjøp av tenester for gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar.

PS 5/14 Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Forslag til vedtak:

1. Deloitte redigerer Plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggst fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Deretter vert planen å senda til kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet starta innleiingsvis med å drøfta og oppsummera det som har skjedd kring granskingsarbeidet som er gjennomført i regi av kommunestyret. Det vil vera viktig å sjå framover og velja gode prosjekt som kan vera til nytte både for politisk arbeid og administrasjonen sitt arbeid.

Deloitte har utarbeida eit notat som viser aktuelle prosjekt for forvaltningsrevisjon. Notatet viser moglege endringar i risikobiletet. Stine Karoline Olsen frå Deloitte gjennomgjekk notatet.

Kontrollutvalet drøfta ut frå informasjonen som vart lagt fram, og vurderte kva som kunne vera viktige områder å gjennomføra forvaltningsrevisjon innan. Deloitte registrerte kontrollutvalet sine prioriteringar og vil innarbeide dette i plan for forvaltningsrevisjon. Resultat av utvalet si evaluering av plan for forvaltningsrevisjon vert å leggja fram på neste møte i utvalet til godkjenning. Deretter skal planen sendast til kommunestyret til orientering. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Deloitte redigerer Plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggst fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Deretter vert planen å senda til kommunestyret til orientering.

PS 6/14 Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016

Forslag til vedtak:

1. Deloitte AS redigerer Plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggst fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Justert plan for selskapskontroll vert deretter oversendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Også for plan for selskapskontroll var det utarbeida eit notat som viser aktuelle prosjekt. Notatet viser moglege endringar i risikobiletet. Stine Karoline Olsen frå Deloitte gjennomgjekk notatet.

Kontrollutvalet drøfta ut frå informasjonen som vart lagt fram, og vurderte kva områder og selskap som kan vera aktuelle for selskapskontroll. Utvalet ønskjer at det vert planlagt eit bedriftsbesøk, til dømes hjå Storeholmen VTA AS, på eit seinare tidpunkt. Sekretariatet får i oppdrag å planlegge dette på eit møte til hausten.

Deloitte registrerte kontrollutvalet sine prioriteringar og vil innarbeide dette i plan for selskapskontroll. Resultat av utvalet si evaluering av plan for selskapskontroll vert å leggja fram på neste møte i utvalet til godkjenning. Deretter skal planen sendast til kommunestyret til orientering. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Deloitte AS redigerer Plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggst fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Justert plan for selskapskontroll vert deretter oversendt kommunestyret til orientering.

PS 7/14 Meldingar

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått.

- Budsjet for kontrollutvalet for 2014 vart gjennomgått og kommentert.
- Aktuelle vedtak frå kommunestyret, som kontrollutvalet har fremma, vart og gjennomgått.
- Invitasjon til FKT fagkonferanse vart drøfta. Ingen frå kontrollutvalet i Samnanger vert påmeldt her.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene / meldingane til orientering.

PS 8/14 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar vart gjennomgått og kommentert. Det var ingen saker kontrollutvalet ville be om meir opplysningar om på noverande tidspunkt. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 9/14 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.03.2014

Handsaming i møtet:

- Utvalet sitt kvarter vart teke opp under eventuelt. Ingen av medlemmane hadde noko dei ønskte å ta opp på dette møtet.
- Det vart teke ei oppsummering av kontrollutvalskonferansen som var på Solstrand 06. og 07. mars. Alle frå kontrollutvalet deltok, og det var semje om at det hadde vore lærerikt og nyttig når det gjeld arbeidsoppgåvene innan kontroll og tilsyn.
- Sekretariatet informerte om at kommunen hadde fått førespurnad frå innkjøpsseksjonen i Bergen kommune om å delta i konkurranse vedr. innkjøp av diverse konsulenttenester, herunder revisjonstenester. Sekretariatet har svara tilbake at dette ikkje er aktuelt for Samnanger, då kommunen har avtale om revisjonstenester som irekna opsjonstid går fram til 2017.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjon under eventuelt til orientering.